



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Hia, Sigve	K1 - 026	14/468

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
062/15	Kommunestyret	PS	14.10.2015

RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING OM KOMMUNESTRUKTUR - RØYSTERESULTAT OG OPPFØLGING

Vedlegg:

NY KOMMUNESTRUKTUR - STATUS OG RAPPORTERING

Vedlegg 1 innbyggjarinvolvering sluttrapport

Vedlegg II Økonominotatet

Vedlegg III Premissar for å fortsette som eigen kommune

Vedlegg IV Intensjonsavtale

Vedlegg V Innbyggjarundersøkinga

RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING OM KOMMUNESTRUKTUR

DRØFTING AV OPPLÈGG FOR RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING OM KOMMUNESTRUKTUR

UNDERSKRIVEN VALPROTOKOLL FOR VALSTYRET - TILLEGG FOLKERØYSTING KOMMUNESTRUKTUR -
2015

Forslag til vedtak:

Rådgvjvande folkerøysting 14.09.2015 om kommunestruktur vert godkjent.

Hjelmeland, den 06.10.2015

Dag Flacké
Rådmann

Kommunestyret - 062/15

KST - behandling:

Håkon Helgøy/Krf føreslo følgjande tillegg til tilrådinga frå rådmannen:

1. Kommunestyret rek resultatet av folkerøystinga til etterretning. Vedtak i k-sak 41/15 vert oppheva.
2. Kommunestyret ber likevel om at eventuelle henvendingar angående ny kommunestruktur frå andre kommunar eller overordna myndigheter vert lagt fram til politisk handsaming.

Røysting:



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Tilleggsforslag frå H. Helgøy : samrøystes vedtatt

Heile saka - rådmannen sitt forslag
med tillegg som vedtatt : samrøystes vedtatt

KST - vedtak:

1. Rådgjevande folkerøysting 14.09.2015 om kommunestruktur vert godkjent.
2. Kommunestyret rek resultatet av folkerøystinga til etterretning. Vedtak i k-sak 41/15 vert oppheva.
3. Kommunestyret ber likevel om at eventuelle henvendingar angåande ny kommunestruktur frå andre kommunar eller overordna myndigheter vert lagt fram til politisk handsaming.

Saksopplysninger:

Samandrag

Det vert vist til aktuelle politiske saker vedk. kommunereforma og ny kommunestruktur. Aktuelle saker, seinast frå kommunestyremøtet 17. juni d.å. er følgjande

- sak 041/15 Ny kommunestruktur – Status og rapportering og
- sak 042/15 Rådgjevande folkerøysting om kommunestruktur

I sak 041/15 gjorde kommunestyret følgjande vedtak (som framleis er gjeldande):

1. Hjelmeland kommune tek framlagt rapport til orientering.
2. Hjelmeland kommune skal arbeide vidare med ny kommunestruktur i Ryfylke.

I medhald av vedtak i kommunestyresak 042/15 om å gjennomføre rådgjevande folkerøysting om spørsmål om kommunestruktur (ref. og F-sak 076/15), vart det gjennomført slik rådgjevande folkerøysting i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet den 14. september.

Spørsmålsstillinga var JA eller NEI til å arbeida vidare med å vurdera ny kommunestruktur i Ryfylke.

Protokoll med resultat frå folkerøystinga er vedlagt denne saka som vedlegg.

Fakta

Sjå ovanfor.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Av protokollen frå den rådgjevande folkerøystinga framgår det slikt røysteresultat:

Svaralternativ	Førehandsrøyster	Valtingsrøyster	Samla røystetal
JA	120	459	579
NEI	129	564	693
Kontrollsummar	249	1023	1272

Dette utgjer avrunda 45,5 % for høvevis JA-alternativet og 54,5 % for NEI alternativet.

Rådmannen viser til det som er nemnt framanfor og legg saka fram for kommunestyret for godkjenning av sjølve valet/folkerøystinga, og til vidare vurdering, og eventuelle konklusjonar i høve gjennomført rådgjevande folkerøysting.

Ein gjer særskilt merksam på gjeldande vedtak i sak 041/15, referert ovanfor.